

# Muleg samanslåing Sogneprodukt, Balestrand Industrier, Vik ASVO

## Rapportering til styra:

Dette dokumentet oppsummerer arbeidet som er gjort so langt, og er meint som ei avstemming mot styra og eigarane i bedriftene. Denne blei fyrst presentert for styringsgruppene inkl tillitsvalde (180416), og justert der før styra/eigarane får den til handsaming.

Historia er lett å kartleggja, det som er utfordrande er å gje eit økonomisk og organisatorisk bilete av eit samanslege selskap. Dette er likevel forsøkt gjort, og det er viktig å merka seg at samanslegen bedrift er summen av dei 3 verksemdene slik dei framstår i dag – det er ikkje medteke mulegheiter som ligg i synergjar av ei større verksemd, dette blir ein del av ein evt felles strategiprosess.

**Innsparinga ved fusjon er truleg underordna, det er mulegheitene og korleis desse blir utnytta - som er viktige!**

### Bakgrunn – mandat:

Utgangspunktet for at dette arbeidet kom i gang var ein vanskeleg personalsituasjon hjå Vik ASVO, der det i ein periode var 3 langtidssjukemelde og i tillegg dagleg leiar (DL) som ynskjer avløyning. Dette vart diskutert i Vik ASVO sitt styre og mulege løysingar sett på/iverksette som kortsiktig løysing. På litt lengre sikt såg styret ei løysing i eit utvida samarbeid med beslekta verksemdar som Sogneprodukt og/eller Balestrand Industrier.

Etter innspel frå styret, vart saka diskutert på Vik ASVO si generalforsamling våren -15.

Eigar/formannskapet gjorde vedtak der styret fekk i oppdrag å beskriva utfordringsbiletet for Vik ASVO, og koma med framlegg til alternative strategiar for å møte desse utfordringane. Utgreiinga omfatta og vurdering av samarbeid/fusjon med andre vekstbedrifter og arbeidsmarknadsbedrifta Sogneprodukt. Dette resulterte i notatet *Vik ASVO si framtid – sjølstendig vekstbedrift eller del av større eining?* som vart lagt fram i august ifjor.

Leiinga i Vik ASVO tok kontakt med Balestrand Industrier og Sogneprodukt, og begge responderte positivt. DL og styreleiarane frå alle tre bedriftene var samla til møte 14/9 med mål om å bli kjende med kvarandre og kvarandre sine utfordringar, for så å sjå på mulegheitene for samarbeid og finna ut om grunnlaget for vidare arbeid var tilstades.

Det utkrystalliserte seg ulike modellar:

1. Alle bedriftene samarbeider
2. Vik ASVO og Balestrand Industrier samarbeider
3. Sogneprodukt og Vik ASVO samarbeider  
i tillegg til
4. Vik ASVO held fram som sjølstendig vekstbedrift

Deretter vurderte bedriftene fordelar og ulemper i forhold til dei ulike modellane for samarbeid/fusjon kvar for seg.

Neste møte var 28/9. Der deltok og Tore Thorsnes frå NAV, og han orienterte om mulege endringar og nye utfordringar som vil komma – og som vil påverka bedriftene. Han meinte og at endringane ville komma raskt. Vidare ga han ein del råd :

- Bedriftene bør posisjonera seg for møta endringane.
- Bedriftene bør ha fokus på å bli gode på å få flyktningar i arbeid.
- Bedriftene bør ha fokus på brukarane lengst vekk frå arbeidsmarknaden.
- Bedriftene bør tenkja heile Sogn.
- Bedriftene bør sjå på mulegheitene for å gjera seg uavhengig av NAV.

Det hastar å ta ei beslutning på dette då det er gitt signal på at endringar kan tre i kraft alt frå 2017. Møtet hadde vidare fokus på mulege konsekvensar som ligg i auka samarbeid/fusjon.

#### **Erfaringsgrunnlag:**

Det vart innhenta erfaringsgrunnlag frå liknande prosessar m.a. frå Voss – der ei attførings- og vekstbedrift slo seg saman. Tilbakemeldingar derifrå syner delte meiningar, noko som understrekar at prosessen er ein viktig suksessfaktor.

Møtet 271115 konkluderte med at arbeidet no går vidare i regi av dagleg leiing. Her vart det og laga oversikt over kva som skal utgreiast for å laga grunnlag for beslutning innan områda organisering, økonomi, tenester, marknad og kundar, rammevilkår, ekspansjonspotensiale/mulegheiter/målbilete og framdriftsplan.

#### **Informasjon:**

Det er svært viktig løpande å orientera dei tilsette om dette arbeidet, slik at dei kjenner seg involverte frå fyrste stund. Det er avgjerande at både leiing og tilsette er motiverte for endringar, og at so mykje som muleg er definert på førehand. Tilsette, styret og eigarar har vore orienterte – og det er no tid for avstemming mot styra og eigarane – dette notatet er meint som eit grunnlag for diskusjon og vurdering om ein skal arbeida vidare med mål om samanslåing.

#### **Framtid, utfordringar og mulegheiter i ein evt samanslåing:**

Det er modell 1 der alle 3 bedriftene samarbeider, som verkar mest aktuell og som er jobba vidare med i prosessen – det er og denne løysinga som pregar dette dokumentet.

Kvar bedrift har kartlagt fordelar og ulemper ved ei samanslåing. Ein er vidare klar over at sjølve prosessen med samanslåing kan vera ei utfordring i seg sjølv, det er 3 ulike bedriftskulturar som skal fungera ilag og alle involverte må få ei vi-kjensle for den nye bedrifta – og dette kjem i tillegg til organisatoriske og strategiske funksjonar må på plass. Dette må ein ha langt framme i pannebrasken i det vidare arbeidet.

Alle tre bedriftene har og ein del felles utfordringar framover. Mykje tyder på at bedriftene er betre rusta for framtida og utfordringar som kjem, ved å vera større, enn å stå kvar for seg – og pr no ser det ut til at mulegheitene er fleire og større enn utfordringane.

- Det er eit viktig og avgjerande mål å bli ein slagkraftig aktør innan arbeidsmarknadstiltak i Sogn, slik at me som aktør kan beskriva løysingar for NAV, kommunane og andre kundar i staden for omvendt.

- Ved å gå frå å vera produksjons- og tenesteorientert til å bli meir marknadsorientert, kan attførings- og vekstbedriftene bli kommunane sitt solide verktøy for å hjelpa dei som slit med å komma inn på den ordinære arbeidsmarknaden.
- Ved å vera framoverlent og ta føringa når det gjeld å tilby gode løysingar/tenester innan attføring/vekst i Sogn, er sjansen større for å oppretthalda samarbeidsavtalane (tiltaks plassar) med NAV og utvikla dei vidare.
- Det same gjeld i forhold til å utvikla tenester for kommunane innan flyktningeområdet.
- Andre utviklingsområde kan vera: aktivitetsplikt for sosialhjelp-mottakarar, kriminalomsorg, tilrettelagt fagopplæring, drop-outs i vidaregåande skule og mentorbedrift.

### Konsekvensar samanslegen bedrift:

Det må klargjerast korleis ei evt samanslåing skal skje:

- Kjøp/sal av innmat i selskapa: innmaten i verksemdene blir selde, selskapa blir tømt og evt avvikla – eigar får kjøpesummen.
- Fusjon: samanslåing av dei tre selskapa, der to er overdragande og eit selskap er overtakande. Eksisterande eigarar blir med i det nye selskapet med ein eigardel tilsvarande eit byteforhold basert på verkelege verdiar (verdijustert eigenkapital) i selskapa.
- *Innspel frå Deloitte: Kan også gjennomføres ved likvidasjonsfusjon av alle tre selskaper til ett felles nytt selskap. Kan ha en integrerende effekt at alle starter på nytt i et felles selskap.*

Andre moment:

- Ingen av selskapa er skattepliktige, men for eigarane vil det vera viktig å få fram rett verdi på eigenkapitalen i kvart selskap slik at ein kan bli einige om eit byteforhold. Då treng ein å få fram reelle verdiar i selskapa - ta takst på bygg, gjort ei verdivurdering på utstyr, mm. Dette er avklart med revisor. *Innspel frå Deloitte: Vi vil anbefale at en i prosessen vurderer om den skattemessige vurdering for å bli ansett som en skattefri institusjon vil være den samme som når hver enhet er vurdert for seg. I henhold til den beskrivelse som er gjort over under «Framtid og mulegheiter i ein evt fusjon», kan vridningen fra tjenesteproduksjon til markedsorientering, ev. levering av tenester i konkurranse med andre, være momenter som kan medføre endret skattevurdering.* Her tenkjer nok revisor på kommersiell marknadsorientering, medan me tenkjer meir på NAV og kommunane som marknad og bedriftene sin rolle som tenesteleverandør.  
Det er under arbeid oversikt over kva verdiar selskapa sit på når det gjeld bygg og utstyr, me har motteke takst på Vik ASVO og Sogneprodukt sine bygg. Balestrand Industrier eig 34% av aksjene i Balestrand Næringsbygg, her avventar me takst og dermed reell verdi på aksjene. Sjå oversikt/status for bedriftene – vedlegg.
- Finst andre verdiar? Kva med goodwill? Goodwill finst nok, men truleg vil ein evt goodwill bli vanskeleg å kronefesta og i tillegg vil denne vera sårbar i høve til kor varig den er – ein føresler difor å halda goodwill utanfor.
- *Innspel frå Deloitte: Krever en virksomhetssammenslutning godkjenninger av bank, huseiere mv? Foreligger det klausuler i andre kontrakter, tildelingssgrunnlag for støtte mv. som det må innhentes godkjenning for før fusjon besluttes?*
- Vidare har ein sett på omsetning og resultat, og korleis dette har utvikla seg siste åra - dette er spegla i eigenkapitalen.

- Det er laga førebels budsjett for bedriftene kvar for seg og etter samanslåing – sjå vedlegg. Dette er i store trekk er summen av bedriftene sine budsjett slik dei framstår i dag, men justert for openlyse innsparingar/synergjar på leiding, drift og omsetning. Arbeidsgruppa ser ei muleg innsparing når det gjeld administrasjon, medan øvrige tilsette på arbeidsleiarersida/jobbkonsulentar ikkje blir endra som konsekvens av dette – dette er teke omsyn til i budsjettet med ei innsparing på om lag 0,5-1 stilling. Vidare er det antyda auke i innteninga som eit direkte resultat av større samhandling mellom bedriftene og betre utnytting av ressursane.
- Skisse til organisasjonsplan er under arbeid – sjå vedlegg. Også her er det summen av bedriftene som er lagt inn – og er meint å gje eit oversiktsbilete i fyrste omgong. Likevel – mulegheitene for kompetanseutveksling vil auka og gje synergjar i alle ledd.
- Andre aktuelle samarbeid.
- Mulegheiter i Høyanger og andre kommunar.

#### **Framdrift vidare:**

Det er laga ein køyreplan for det vidare arbeidet, som i store trekk ser slik ut:

- April/mai: Møte/avstemming i styringsgruppa med tillitsvalde og evt justering, 180416.  
 Avklaring med revisor 220416.  
 Forslag til byteforhold, avventar takst og verdsetjing.  
*Innspel frå Deloitte: Verdsettelsestidspunktet for en fusjon skal være på styrets vedtagelse av fusjonsplanen. Man må eventuelt oppdatere verdsettelsesdokumentene forut for vedtagelse i 2017.*
- Mai/juni: Orientering med konsekvensutgreiing, og orientering/avstemming i styre/generalforsamling i alle 3 bedriftene for å få ei avklaring på om arbeidet er på rett veg og om ein skal gå vidare eller ikkje.  
 Informasjonsmøte tilsette.  
*Innspel frå Deloitte: Utarbeide oversikt/plan for overholdelse av arbeidsmiljølovens bestemmelser.*
- Dersom klarsignal frå eigarane, vil vidare arbeid føregå omtrent slik (meir detaljert oversikt vil bli utarbeidd):
- Etter ferien: Evt justering av plan og utarbeiding av hovedstrategi for samanslegen bedrift.  
 Alle byteforhold må avklarast.  
 Detaljert plan utarbeidast.  
om samanslåing og korleis i ekstraordinær generalforsamling/eigarmøte, seinast 3009.  
 Namnekonkurrans?
- Felles strategiprosess for den nye bedrifta der tilsette er involverte.
- Innan februar: Opningsbalanse (bokførde verdiar) revidert og eigarfordeling avklart basert på verkelege verdiar.
- Fusjon vedtakast og iverksetjast med verknad frå 010117.

#### **Vedlegg:**

*Oversikt/status for bedriftene*

*Budsjett fusjonert bedrift*

*Organisasjonsskisse*